

ÅRSMELDING

2020



BUL
ERVINGEN
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

Innhald

1	1.	Innleiing.....	3
2	2.	Folkedans.....	3
3	a)	Vaksne.....	3
4	b)	Ungdom.....	4
5	c)	Born.....	5
6	3.	Teater.....	5
7	4.	Folkemusikk.....	6
8	a)	Gimlingane.....	6
9	b)	Audhilds.....	6
10	c)	Juniorspelemannslaget.....	6
11	d)	Dragegjengen.....	8
12	5.	Song.....	8
13	a)	Kor e' tonen.....	8
14	b)	Kvedargruppa.....	9
15	c)	Småkvedarane.....	10
16	6.	Melding frå Selsvikklubben.....	10
17	7.	Lagsstyret.....	10
18	8.	Melding frå Rådet.....	11
19	9.	Dugnad.....	12
20	10.	Samarbeid med andre.....	12
21	11.	Eigedom.....	13
22	a)	Lagshusa.....	13
23	b)	Hytta.....	13
24	12.	Fonds- og eigedomsstyret.....	13
25	13.	Medlemstal.....	14
26	14.	Kontor og tilsette.....	14
27	15.	Heiderslagsfolk.....	14
28	16.	Gåver, helsingar og minne.....	15
29	17.	Oversikt over tillitsvalde.....	15
30		Lagsstyret.....	15
31		Rådet 15	
32		Fond- og eigedomsstyret.....	15
33		Folkedanslaget.....	16
34		Ungdomsgruppa.....	16
35		Barnelaget.....	16
36		Koret 16	
37		Jr.laget.....	16
38		Audhilds.....	17
39		Hyttenemnda.....	17
40		Ettersyn.....	17
41		Valnemnda.....	17
42	18.	Lagsmøte, festar og egne tilskipingar.....	17
43	19.	Utsendingar, representasjon og samarbeid.....	20

44 1. Innleiing

45 Året 2020 er omme, eit år vi seint vil gløyme. I årsmeldinga for 2019 skreiv vi at
46 samhald var det viktigaste stikkordet for å skildre året, men aldri har vel samhald vore
47 så viktig som i år! Vi takkar for alle som har bidrege til samhald, sjølv om vi ikkje har
48 kunne treffast så ofte! Takk til alle som har sørga for liv i Gimle, og som på eksemplarisk
49 vis har følgd alle smittevernreglar og, omtrent frå veke til veke, har tilpassa aktiviteten
50 slik at den skulle vere trygg. Takk til alle som har hatt heimeundervisning eller
51 heimeøving, og alle som har delteke på dette. Takk til alle som har sendt inn bidrag til
52 17. mai og julelagsmøtet. Og takk til alle tillitsvalde som har vist godt samarbeid og stått
53 saman i planlegging, gjennomføring, utsettingar og avlysingar.

54 Stikkordet for i år vert likevel kreativitet. Året starta på vanleg vis for oss med full
55 aktivitet i laget og i lagshusa. I mars stengde landet ned, og all aktivitet vart avlyst. Det
56 gjekk ikkje mange vekene før fleire av aktivitetane våre hadde tilbod om digitale
57 øvingar. Det vart sendt rundt dansebingoar, instruksjonsvideoar vart laga, konsertar
58 vart sendt frå heim til heim via internett, og nemnda for 17. mai underheld med potetløp
59 og kakebaking.

60 I 2020 har laget òg hatt ei eiga teatergruppe for første gong på mange år. Teatergruppa
61 er ein del av Bergen 950-prosjektet, eit prosjekt for alle vaksne medlemmar i laget.
62 Prosjektet tok utgangspunkt i arbeidsprogrammet til laget, og målet var å skape større
63 samhald og lagskjensle på tvers av aktivitetane. Grunna samfunnssituasjonen såg
64 plangruppa for prosjektet og hovudstyret i laget at det var naudsynt å utsette prosjektet
65 på ubestemt tid. Vi håpar at vi snart kan starte opp igjen arbeidet.

66 I løpet av 2020 har det vore fleire endringar i Gimle, og lagshuset er no så godt som
67 ferdig oppussa. Vi gler oss til å kunne bruke det fine lagshuset vårt fullt ut i åra
68 framover!

69 Styret vil takke alle instruktørar, spelemenn, tillitsvalde, tilsette og dugnadsfolk for eit
70 vel gjennomført 2020. De gjer ein fantastisk jobb, og bidreg til det sterke samhaldet og
71 den store gleda som så mange av våre medlemmar kjenner på. Vi vil òg helse til alle
72 medlemmar og kryssar fingrane for at vi saman får skapt eit strålande 2021.

73 2. Folkedans

74 a) Vaksne

75 Folkedanslaget har i 2020 måtte avlyse mykje av den faste aktiviteten i særlaget,
76 Folkedanslaget har i 2020 ikkje gjennomført hytteturar.

77 Faste øvingar

78 Måndagsringen starta året som vanleg med øvingar i Fensal. Her var oppmøtetalet stort
79 sett høgt og stabilt. Frå mars til september hadde måndagsringen ingen øvingar. I
80 haustsemesteret inviterte måndagsringen til songstund og kvelds. Ein del nytta seg av
81 tilbodet og møtte flittig opp med matpakke og songdansboka.

82 Folkedans for senior hadde òg øvingar i starten av året, men har ikkje møttest fysisk
83 etter nedstenginga i mars.

84 Onsdagsringen har hatt øvingar i Gimle og over nettet. I haust vart det gjennomført 4
85 fysisk øvingar med avstandsdans. Elles har onsdagsringen studert opptak og prøvd seg
86 på ulike former for quizar i løpet av året.

87 Vi vil takke alle instruktørar og spelemenn for god innsats i 2020.

88

89 **Festar**

90 I januar gjennomførte folkedanslaget Dans- og spelmaraton som vanleg. Det vart spel,
91 dans, felles kaffipause og to spennande loddtrekkingar i løpet av kvelden.

92 Elles sette Covid-19 ein stoppar for alle andre festar i 2020.

93 **Kurs**

94 I vår var det planlagt dansekurs i teledans, men kurset måtte avlysast grunna Covid-19.

95 **Andre tilskipingar**

96 Dansarar frå folkedanslaget har delteke på filminnspeling av ein kortfilm i Gimle, samt i
97 hovudprosesjonen på Koengen på 17. mai

98 **Organisasjon**

99 I 2020 har Marit Kvamen vore leiar i folkedanslaget. Helge Svartveit, Sverre Sundvor,
100 Ingeborg Nilsen og Stig Indrebø har vore medlemmar av styret. Styret har ikkje hatt så
101 mange møte, men har helde oppe kontakten via e-post.

102 Takk til Gro som hjelper til!

103 **b) Ungdom**

104 Vinteren 2020 hadde ungdomsringen øvingar som vanleg. Etter nedstenginga i mars vart det
105 lite dans på ungdomsringen utover våren, men ein møttest via nettet til konkurransar, prat
106 og anna moro. Ungdomsringen bidrog med eigen video og is-kåring til 17. mai. På hausten
107 starta ungdomsringen oppatt, men grunna svært lågt deltakartal, valde lagsstyret å legge
108 ned ungdomsringen for denne gong. Planen er å satse meir på barnelaget, som no har vorte
109 delt i tre grupper. Målet er at den eldste gruppa frå barnelaget etter kvart vert den nye
110 ungdomsringen i Bergen ungdomslag Ervingen.

111

112

113 c) Born

114 I 2020 har aktivitetar og øvingar i barnelaget vore prega av koronasituasjonen. Året
115 starta, som alltid, med julenisse, julepregang og leikar på julefesten fyrste øving.
116 Barnelaget hadde øvingar kvar veke fram til nedstenginga i mars, men frå 16. mars og
117 fram til sommaren var det ikkje mogleg å gjennomføra fysiske øvingar. Instruktørane i
118 barnelaget sørga likevel for å skapa gode danse- og leikemoglegheiter i dei einskilde
119 heimane, gjennom jamlege epostar med inspirerande filmsnuttar og framlegg til øvingar
120 og leikar. Den 8. juni var det mogleg å gjennomføra sommaravslutting i Nygårdsparken,
121 og barna kunne endeleg møtas att. Instruktørar om våren var Inga Myhr og Tora
122 Persdotter Fjeld, samt Daniel Aarvik og Mari Risset Møllerplass.

123 Etter sommaren starta barnelaget opp med øvingar igjen kvar veke, men med visse
124 tilpassingar til gjeldande smittevernrestriksjonar. Instruktørar hausten 2020 var Inga
125 Myhr og Daniel Aarvik for gruppe 2 (2. klasse og eldre) og Tora Persdotter Fjeld og
126 Åsmund Nestås Øydvinn for gruppe 1 (5 år og 1. klasse). I haust vart det også starta opp
127 ei ny gruppe for dei eldste borna på gruppe 2 (5. og 6. klasse). Dei har fått eige opplegg
128 etter pausen annakvar veke med Marit Kvamen som instruktør.

129 Grunna koronasituasjonen har det ikkje vore mogleg å gjennomføra dei to planlagde
130 familiefolkedanskveldane. Hytteturen i februar vart gjennomført etter planen med kurs
131 både i song (Lars Smaaberg), dans (Silja Solvang og Inga Myhr) og felespel (Johanne
132 Mjøs), men hytteturen hausten 2020 vart gjennomført som ein dagstur. Med Vegard
133 Vårdal som ein veldig inspirerande og populær instruktør, og grilling og uteaktivitetar
134 utanom dansinga, vart det likevel ei god oppleving for borna. Som eit sosialt alternativ til
135 familiefolkedanskvelden om hausten, skipa styret til kinokveld for borna i barnelaget 18.
136 oktober. Barnelaget fekk akkurat delteke på Hordakappleiken i Strandebarm, 7. mars,
137 før landet vart stengt ned.

138 Sidan julelagsmøtet var digital, laga instruktørane ei gøy juleavslutning for borna med
139 ulike aktivitetar, dans og ei overrasking.

140 Styret i barnelaget har stort sett hatt digitale møte og jamleg kontakt på e-post og
141 Messenger.

142 3. Teater

143 I 2020 starta laget ei teatergruppe i samband med Prosjekt 950. Teatergruppa har hatt
144 øvingar 1-2 gongar i veka, og har samla medlemmar frå ulike særslag.

145 Teatergruppa har jobba med manuset «Ervingen» av Ivar Aasen. Teatergruppa har
146 modernisert språket i stykket, og tilpassa det til vår tid. Rollene er fordelt, og ein har
147 jobba med karakterbygging.

148 Diverre måtte teaterarbeidet stoppe då smittevernstiltak gjorde det klart at det ikkje
149 vart noko førestilling i løpet av 2020, og heller ikkje i løpet av starten av 2021. Gruppa
150 valde å ikkje ha øvingar igjen før ein veit om ein kan gjennomføre ei førestilling.

151 4. Folkemusikk

152 a) Gimlingane

153 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt toradaraktivitet i 2020.

154 b) Audhilds

155 2020 har vore eit annleis år for Audhilds som for resten av særlega. Vi hadde fine
156 øvingar på starten av året med godt oppmøte og kakeliste som nyttårsforsett. Grunna
157 Koronasituasjonen har øvingane frå mars og ut året vore varierende. Vi har stort sett
158 hatt vanlege øvingar men har også måtte ty til digitale øvingar på google-meet i dei
159 største nedstengingsperiodane. Til julelagsmøtet spelte vi i Audhilds inn eit
160 arrangement av Rull etter Halte-Lars kvar for oss som vart satt saman og redigert av
161 musikalskleiar Irene Bjørke. Musikken vart brukt til bakgrunnsmusikk for dei digitale
162 helsingane. Gjesteinstruktører gjennom året har vore Johanna Mjeldheim, Ingrid
163 Sørheim og Silje Solberg. Av sosial aktivitet kan ma sommargrilling på Eidsholmen og
164 digitale kaffeslabberas nemnast.

165 c) Juniorspelmanslaget

166 Elna Føleide Selle er framleis musikalsk leiar.

167 Maria Skjeldrum Toppe har hatt undervisning for trio /kvartett.

168 Det var 14 medlemar våren 2020. Dei hadde 8 øvingar i Gimle og 2 øvingar på zoom.

169 Johanne Mjøs var sett opp med 6 flatfeleøvingar denne våren. Grunna covid-19
170 pandemien var det berre 2 av dei som let seg gjennomføre.

171

172 -13.januar: Laget hadde første øving.

173 -24.januar: Laget spelte på danse- og spelmaraton.

174 -27.januar: måndagsøving i Gimle.

175 -3.februar: måndagsøving i Gimle.

176 -7-9.februar: Laget reiste på den årlege hytteturen til Varegghytten på Kvamskogen. Det
177 var mange som deltok og hadde ei kjekk helg på ski, med det sosiale i fokus.

178 -17.februar: måndagsøving i Gimle

179 -2.mars: Her var aspirantane invitert med på øving til Hordakappleik.

180 -7.mars: Hordakappleik i Strandebarm. Her deltok laget i lagspel, samt lagspel på
181 sjokoladekappeiken.

182 Dei under 12 år deltok i sjokoladekappeiken, medan dei over 12 år deltok i C-klassen.

183 Det var også nokre som deltok i gruppespel på både hardingfele og fele. Laget vann

184 lagspel junior-klassen. I C-klassen var det også fantastiske resultat frå medlemmar av
185 laget.

186 Veka etter Hordakappleiken vart heile verda ramma av covid-19 pandemien.
187 -14.mars: Det var planlagt kurs i Granvin. Det vart avlyst.
188 -15.mars: Var det planlagt familiefolkedans med workshop. Dette vart også avlyst
189 grunna covid-19 pandemien.
190 -30.mars: Her gjekk øvinga føre seg på zoom.
191 -20.april: Her var det planlagt øving med aspirantar, men sidan fysisk øving utgjekk, vart
192 det zoom-øving for faste medlemmar.
193 -11.mai: Øving i Gimle.
194 -25.mai: Øving i Gimle.
195 -26.mai: Skulle etter planen spela på De unges festspilldag, men dette arrangementet
196 vart avlyst.
197 -7.juni: Var planlagt sommarkonsert. Det vart avlyst grunna covid-19 pandemien.
198 -8.juni: trio/kvartett hadde øving.
199 -15.juni: Øving i Gimle.
200 24-28. juni: Her skulle laget delta på Landskappleik, men den vart også dessverre avlyst
201 grunna covid-19 pandemien.
202

203 **Haust 2020.**

204 Sidan medlemstalet i spelemannslaget har auka betydeleg dette semesteret vart laget
205 oppdelt i 3 grupper, desse vert kalla for gruppe 1,2 og 3. I øvingstida øver dei 3
206 gruppene først kvar for seg, og så samlar ein gruppe 1 og 2 for samspel. Deretter går
207 gruppe 1 heim og gruppe 2 og 3 vert samla for samspel.

208 Det kom 10 nye medlemmar hausten 2020. Laget har no av 24 medlemmar.

209 Laget hadde 5 måndagsøvingar.
210 Elna hadde øving med gruppe 1 dei samme 4 måndagane som Johanne hadde
211 flatfeleøvinger.
212 Johanne Mjøs hadde 4 flatfeleøvinger i haust.
213 -29. august: Hausten starta med oppstartskurs for alle medlemmar.
214 -14.september: Måndagsøving.
215 -28.september: Måndagsøving.
216 -12.oktober :Måndagsøving med aspirantar.
217 -17.oktober: Her skipa laget ein sjokoladekappleik for laget og aspirantar. Solospel,
218 lagspel og gruppespel med trio/kvartett.
219 Her vart det delt opp i fleire økter fordelt utover dagen for å oppretthalda smittevern.
220 -26.oktober: Måndagsøving.
221 -6-8. november: Juniorsamling på Haus. Ein del medlemmar frå laget deltok her.
222 -16.november: Måndagsøving.
223 -30.november: Her skipa laget konsert via streaming.

224 -7.desember: Julelagsmøte vart digitalt i år. Alle særslag sende inn bidrag som vart vist på
225 møtet.

226 Vi kan sjå tilbake på eit veldig spesielt år. Men trass pandemi har det likevel blitt
227 øvingar. Elna, Ida Marie og Maria har gjort ein kjempejobb for at laget har kunne møtast
228 og ha digital undervisning.

229 d) Dragegjengen

230 Dragegjengen er eit rekrutteringsprosjekt som vart starta hausten 2015. I 2020 talde
231 Dragegjengen 24 medlemmar som går anten siste året i barnehagen, 1., 2., 3., 4., 5. eller
232 7. klasse på Krohnengen skule. I 2020 har alle hatt individuell undervisning anten i
233 Bergen kulturskule eller gjennom Bule. Ida Marie Rognsvåg og Eirin Tjoflot stod for
234 samspelundervisninga i vår, og i haust var dette Ida Marie Rognsvåg og Tori Helgheim
235 Grung sitt ansvar. Samspelundervisninga har me normalt på Krohnengen skule, og det
236 hadde me også i år fram til mars. Då koronaen kom, måtte me fyrst finne digitale
237 løysingar på øvingane, og i haust har me hatt mindre samspelsgrupper som har blitt
238 undervist i Gimle. Difor har ikkje dei unge spelemennene så ofte vore samla for
239 fellesøvingar, men i større grad vore delt inn i mindre grupper.

240 Året starta godt med juletreffest i Gimle. Her var fleire medlemmar frå Dragegjengen
241 med, og fekk oppleve både juletrengang, song og nisse. Øvingar med Dragegjengen har i år
242 vore gjennomført ca. annakvar veke. Rett før landet stengte ned fekk me heldigvis reisa
243 på sjokoladekappleik i Strandebarm. Her var det stor oppslutting frå Dragegjengen, og
244 me reiste nøgde heim med lommene fulle av sjokolade. Vidare vart våren prega av
245 korona, og store delar av undervisninga har vore digital.

246 Hausten starta med innstrammingar, men heldigvis fekk me gjennomføre øvingar i
247 mindre grupper i Gimle. Haustens store glede var sjokoladekappleiken 17. oktober.
248 Kappleiken vart arrangert av juniorspelemannslaget, og Dragegjengen deltok med stort
249 og smått, til glede for både dei som fekk vere i salen, og dei som såg strømminga på
250 facebook. Nokre deltok også på juniorsamlinga på Haus i november. Omkring halvparten
251 av medlemmane i Dragegjengen har no byrja i juniorspelemannslaget, noko som førte til
252 ei stor auke av rekruttar der i haust.

253 CD-innspelinga som skulle gått føre seg våren 2020 vart diverre utsett, og er no planlagt
254 våren 2021. Der skal me spele inn fleire slåttar, i tillegg til komposisjonsverket *Dragar*,
255 komponert til Dragegjengen av Else Storesund.

256 5. Song

257 a) Kor e' tonen

258 Øvingar og faste aktivitetar

259 Året 2020 har for Kor e Tonen som for så mange andre vore prega av korona-
260 pandemien. Det har difor vore avgrensa med aktivitet.

261 Vi starta opp som vanleg i januar med faste øvingar kvar måndag kl. 18:30-21:00. Den
262 første øvingshelga vart gjennomført etter planen. I mars måtte vi avlysa øvingane. I april
263 hadde vi einskilte øvingar ute, før vi fram mot sommaren igjen hadde nokolunde
264 vanlege øvingar.

265 I haust starta vi opp som vanleg, men gjekk etterkvart over til øvingar i mindre grupper
266 for å halda avstandsreglane. Frå november av måtte vi igjen avlysa øvingane helt.

267 Vi hadde planar om ein «huskonsert» saman med Audhilds i vår og ein julekonsert i St.
268 Jakobs kyrkje. Begge desse vart avlyst.

269 Vi hadde også planer om tur til Riga, som då også vart avlyst.

270 **Hendingar og tilskipingar**

271 15. juni: Minikonsert i sentrum og sommaravslutting i parken.

272 6. desember: Minikonsert på julemarknad. Heilt på tampen av året greidde vi å få til ein
273 betalt opptreden på julemarknad på Munkebryggen med ein mindre del av koret.

274 **Medlemsmasse**

275 Medlemstalet held seg stabilt høgt, og vi har fleire interesserte enn kva vi har kapasitet
276 til å ta inn.

277 Koret har i 2020 hatt totalt 57 medlemmar, fordelt på 18 sopranar, 19 altar, 9 tenorar og
278 10 bassar.

279 **Planar for 2021**

280 Vi håpar å starte opp med øvingar igjen i 2021 og ser for oss å få til ein konsert til
281 sommaren.

282 **Konklusjon**

283 2020 har vore eit spesielt år. Vi håpar at 2021 etterkvart vil bringa koraktiviteten tilbake
284 til det normale.

285 **b) Kvedargruppa**

286 Kvedargruppa har hatt øvingar kvar tysdag i 2. etg. Gimle dette året. Tora Fjeld og Lars
287 Smaaberg har vore instruktørar. På vårparten byrja kvedargruppa med digitale øvingar,
288 men frå oktober har det vore ganske stille. Kvedargruppa gler seg til å byrje på att for
289 fullt. Det har vore mellom 6 og 9 medlemmar på øvingane dette året.

290 c) Småkvedarane

291 Anja Savic Røed var instruktør for Småkvedarane i vårhalvåret. Gruppa har hatt øving
292 annankvar tysdag i Gimle, fram til nedstenginga i mars. Småkvedarane har ikkje så
293 mange medlemmar, men lagsstyret meiner at det er eit viktig tilbod, og freistar å auka
294 interessa for og medlemsmassen i gruppa. Instruktør hausten 2020 var Tora Fjeld.

295 6. Melding frå Selsvikklubben

296 Selsvikklubben rakk i 2020 å ha tre ordinære samlingar, og eit korona-sikkert treff i
297 sommar, alle privat. Vi er framleis 6 faste medlemmer frå 70 år og oppover.

298 "Årsinntekta" frå julemøtet 2019 vart som vanleg brukt til gevinstar til laget si
299 medlemsutlodning, ca kr. 6.000,-. Lotterinemnda brukar pengane på gåvekort av ulik
300 verdi.

301 Dugnad: I vår deltok Selsvikklubben i arbeidet med ferdiggjering av hyblane i 5. etasje i
302 Gimle. Vi var med på planlegging og innkjøp av utstyr til kjøken og bad, vaska skap og
303 skuffer på bad og kjøken, og delvis romma.

304 I november rydda vi lageret i 4. etasje i Gimle, der alt "pøet" frå kontoret i 2. etasje var
305 stabla inn, i samråd med Knut Malkenes og Gro Vetaas. Skap vart vaska, og materiell
306 vart sortert og plassert i kassar (kjøpt av laget) for kvart særslag. Gåver motteke ved
307 jubileum, kappleikar og folkedansgilde vart plassert i eigne skap. Desse bør vurderast
308 av tillitsvalde, og ein del bør plasserast i lagsrom. Selsvikklubben kjøpte nye kassar til
309 årene, som vart talde og sorterte.

310 Julemøtet 7.12. var sjølv sagt avlyst, men styret arrangerte eit online-møte m.a. med
311 "basar" og trekning av loddbøkene. Selsvikklubben leverte ein del gevinstar, ikkje alle
312 vart nytta.

313 7. Lagsstyret

314 Lagsstyret har etter årsmøtet i februar vore samansett av Marianne Pedersen, Renathe
315 Nilsen, Einar Heggland, Lars Fivelstad Smaaberg og Marit Kvamen. Marit Kvamen har
316 vore leiar. I tillegg har styret fått god hjelp frå varamedlemene Irene Bjørke, Inga Myhr
317 og Nina Blågestad.

318 Lagsstyret har hatt 11 styremøte og handsama 103 saker i løpet av året. Styremøta har
319 vore både digitale og fysiske. Samrådsmøte i vår hadde fokus på korleis ein skulle
320 gjennomføre lagsaktivitet i samsvar med smittevernsreglar, og i haust vart
321 samrådsmøtet avlyst grunna møteforbod. Møtet vart erstatta med ein informasjonse-
322 post til alle særslag.

323 Lagsstyret har gjennomført digital 17. maifeiring og julelagsmøte. Kven veit vart
324 gjennomført i løpet av våren med både fysiske og digitale rundar. Rebusløpet 2020 var

325 digitalt. Me fekk også skipa til to-dagars sommarkurs for barn og unge i dans, spel og
326 song.

327 Kvar veke har informasjon frå laget til medlemmane vorte sendt ut gjennom
328 nyhendebrevet «Bodstikka». Informasjon om laget sine aktivitetar og hendingar har òg
329 vorte publisert på nettsida www.bergen.ungdomslag.no.

330 Laget nyttar elles Facebook og Instagram (brukarnamn: «bergen_ungdomslag_ervingen»
331 og #bulervingen) til å vise fram aktiviteten i laget, skape blest om komande hendingar
332 og kommunisere med medlemmar. Nokre særslag har eigne sider på Facebook.
333 Informasjon frå desse sidene vert delt på hovudsida til laget.

334 8. Melding frå Rådet

335 Rådet har 5 rådsmedlemar og 2 varamedlemar. Rådet er vedtaksført med 4 frammøtte
336 medlemmar.

337

338 Rådet har hatt 2 møte før laget sitt årsmøte:

- 339 • Fysisk møte 11.02., årsmelding og rekneskap vart tilrådd godkjende. I sak 20/2.3.
340 Budsjett gjorde rådet dette vedtaket: "Budsjettet bør arbeidast meir med, og sendast
341 til Rådet for godkjenning før årsmøtet.»
- 342 • 17. og 18.02., møte pr. e-post og telefon. Omarbeidd budsjett vart tilrådd godkjent,
343 med ein merknad.

344

345 Rådet var kalla inn til digital fellesmøte, 05.11., med lagsstyret og leiar i Fonds- og
346 eigedomsstyret .

347 Saker:

- 348 1. Samanslåing av Ervingen Lagsbruk og Ervingen Kulturhus. Denne saka vart ikkje
349 realitetshandsama, då den ikkje var ferdig avklart og førebudd.
- 350 2. Framlegg til ny låneavtale med Ervingen Kulturhus (Ervingen Lagsbruk).
351 Gjeldande låneavtale går ut 31.12.2020. Framlegg til ny avtale vil gjelda i 5 år, og gje
352 vesentleg lågare utbetaling til laget enn den førre. Dagens situasjon for
353 forretningane gjer det uråd å halda oppe det tidlegare nivået.
354 Informasjon om sakshandsaminga i Fonds- og eigedomsstyret var sendt til
355 rådsmedlemene etter kvart som referat vart mottekne.

356 *Vedtak: Rådet rår til at ny låneavtale mellom Bergen ungdomslag Ervingen og*
357 *Ervingen Lagsbruk AS vert godkjent av lagsstyret og Fonds- og eigedomsstyret.*

358

359 Rekneskapsrapportar har vore vidaresendt til rådet, sameleis dei fleste referata frå
360 lagsstyremøta i året.

361 Etter møtet i november vart det foreslege at rådet burde samlast (digitalt) kvar månad
362 for å halda oss orientert om laget, økonomi m.m. Trass i positiv innstilling frå fleire, vart
363 det dessverre ikkje fylgt opp.

364 9. Dugnad

365 2020 har synt at dugnadsanden framleis står sterkt i laget, med utallege nedlagde
366 arbeidstimar i særлага, og lags- og eigedomssytra med nemnder. I ei tid med
367 digitalisering for å oppretthalde medlemstilboda våre, har dugnadsfolk fått bryne seg litt
368 ekstra. Særleg vil styret trekke fram digital 17.- mai-feiring der særlag, lagsmedleamar og
369 lagsstyret bidrog med videoar, bilete, musikk, dans og leikar for å byggje eit heilskapleg
370 17.- mai-program. I denne samanhengen bør også digitalt jolelagsmøte nemnast.

371 På hytta har det vore mykje dugnad, mellom anna er det skifta armatur, malt soverom og
372 kjøken, samt ein god nedvask av hytta.

373 Medlemslotteret gav laget også i 2020 god inntekt, og om lag 1/3 av loddbøkene vart
374 seld.

375 Sist men ikkje minst må alle dugnadstimane som har vorte utført i samband med
376 oppussing av leilegheitene i 5. etg., salen og lagerplassen i 4. etg få sin plass.

377 10. Samarbeid med andre

378 Laget har eit godt samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar. I meldingsåret har
379 laget til dømes samarbeidd med Bygdedanslaget i Bjørgvin om å sipa til dansekurs, og
380 Juniorspelemannslaget vert framleis drive i samarbeid med Kulturskulen i Bergen.
381 Samarbeidsavtalen mellom laget og kulturskulen har blitt utvida, og Bergen kommune
382 støttar tilbodet om einskildundervisning i hardingfele for dei som ikkje får plass i
383 kulturskulen.

384 Laget har samarbeidd med skular i Bergensområdet om undervisning i folkedans, og
385 hadde hausten 2020 dansekurs for 5.-7. klasse på Kristi Krybbe skoler. Me har også
386 samarbeidd med Vestland Fylkeskommune, gjennom Den kulturelle skulesekken og hatt
387 to veker undervisning i folkedans for elevar på Stord.

388 Prosjektet «Dragegjengen» ved Krohnengen skule held fram, og omlag 25 born er med i
389 prosjektet.

390 Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag
391 og Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges Korforbund og
392 FolkOrg. Me samarbeider òg med Bergen kommune. Laget er medlem av
393 Amatørkulturrådet i Bergen, Bygdelagsnemndi og Vestlandske Teatersenter.

394 11. Eigedom

395 a) Lagshusa

396 Nær alle fysiske aktivitetar og øvingar i 2020 har vore i Gimle. Lagsstyret, rådet og
397 fonds- og eigedomsstyret har også sine møte på kontoret, det har også nokre av særлага.

398 Størsteparten av Fensal er leigd ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via
399 Bergen kommune. Idrettslaget Gular, Bjørgvin husflidslag, Norges Kvinne- og
400 familieforbund, Bergen og Midthordland krets og Det felles innvandrarrådet i
401 Hordaland held også til i huset. Gimle er nyoppussa og framstår om eit flott kulturhus
402 med rom for mykje aktivitet og utleige.

403 b) Hytta

404 Dugnad: Skifta armatur i tak på soverom og gang. Maling i soverom og kjøken.
405 Støvsuging og vasking i dei fleste rom. På kjøkenet er alt kjørelt og utstyr tatt ut og
406 vaska. Vindauga er vaska i alle rom.

407 Ute er det rydda rundt hytta. Tre er felt og kappa til ved, det er og laga sperrer, samt
408 benk å sitje på. Veggen inn er grusa i slagholer. Jonsok var me samla ein liten gjeng på 6
409 personar. Kjekt å samlast! Sett under eitt kunne frammøte på dugnaden ha vore betre.

410 12. Fonds- og eigedomsstyret

411 Styret har hatt 4 møte i 2020. Dei siste 3 møta var elektroniske.

412 Viktigaste sak for Fonds- og eigedomsstyret dette året var å fornye låneavtalen mellom
413 laget og Ervingen Lagsbruk AS. Denne avtalen sikrar laget ei årleg renteinntekt frå
414 selskapa. Den nye avtalen gjev ein lågare årleg rentesum enn i avtalen som gjekk ut.
415 Dette kjem av at hotellverksemda er avvikla (sjå nedanfor), og at det berre er drift av
416 kulturhusa og avkastning på sparepengar som gjev økonomisk rom for å dekke årleg
417 rente.

418 Styret har og halde fram med å plassere økonomiske midlar i finansmarknaden, i tråd
419 med vedteken strategi og investeringsmandat. Pandemien ga oss påminning om at
420 plassering i finansmarknaden har risiko. Verdien på investeringane fall med om lag 15
421 % då dei var på det lågaste. Marknaden henta seg inn igjen gjennom året, og ved
422 utgangen av året kunne vi sjå ei avkastning på 10% i høve til investert sum.

423 Medlemmer i Fond og eigedomsstyret har dei siste 3 åra vorte valt inn i styret for
424 Ervingen Lagsbruk AS, som er morselskapet for forretningsdrifta. Det har gjeve oss
425 høve til å fylgje opp forretnings-drifta der. Tidlegare brukte ein møta i Fond og
426 eigedomsstyret til dette.

427 Ervingen Eigedom AS har skifta namn til EE Investering. Dette vart gjort etter at
428 selskapet i sommar kjøpte seg ut av avtalen om leige og drift av Ole Bull Hotel AS.
429 Framover vil selskapa våre legge all kraft i drift av kulturhusa

430 Oppgradering av Gimle heldt fram i 2020 i regi av Ervingen Kulturhus AS. Arbeidet med
431 oppgradering av husværa i 5. etasje vart fullført og er også utleigde. Det er no to
432 kollektiv i Gimle med til saman 9 leigetakarar. I tillegg vart taket isolert og øydelagde
433 skiferstein skifta ut. Arbeidet med oppgradering av Gimle er no for det meste slutført.

434 13. Medlemstal

435 31.12.2019:

436 Barn (under 14 år) 48

437 Ungdom (14-26 år) 24

438 Vaksne (over 26 år) 199

439 Til saman: 271

440

441 31.12.2020:

442 Barn (under 14 år): 57

443 Ungdom (14-26 år): 22

444 Vaksne (over 26 år): 195

445 Til saman: 274

446

447 14. Kontor og tilsette

448 I 2020 har Gro Vetås vore tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Rekneskapsbyrået
449 Primo Services AS har ført rekneskapan for laget. Gro har gjort ein framifrå jobb i dette
450 annleis året.

451 På kontoret i Fensal har Hordaland Mållag og Bergen Kulturforum leigd kvar sin
452 kontorplass heile året. Bergen Mållag nyttar framleis Snorrestova som møtelokale og
453 har lagerplass på kontoret. NKI Renhold har stått for reinhald av kontor- og møtelokalet
454 i Fensal.

455 15. Heiderslagsfolk

456 Dagrunn Berntsen

457 Norvald Erstad

458 Kårmund Myklebost

459 16. Gåver, helsingar og minne

460 Gåve til instruktørar og spelmenn, jubileumshefte/ blomehelsingar/ gåve til medlemar,
461 heiderslagsmedlemar, tillitsvalde og tilsette ved passande høve.

462 17. Oversikt over tillitsvalde

Lagsstyret

Leiar	Marit Kvamen
Medlem	Marianne Pedersen
Medlem	Lars F. Smaaberg
Medlem	Renathe Nilsen
Medlem	Einar Heggland
Varamedlem	Irene Bjørke
Varamedlem	Inga Myhr
Varamedlem	Nina Blågestad

Rådet

Leiar	Eldbjørg Gunnarson
Medlem	Sverre Sundvor
Medlem	Eli Randmo
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Ingunn Skjelvan
Varamedlem	Hans Nyeggen
Varamedlem	Borghild Opdal

Fond- og eigeomsstyret

Leiar	Arnvid Underlid
Medlem	Frode Myhra
Medlem	Oddrun Samdal
Medlem	Bente Kristin Humborstad
Medlem	Vegard Opheim

Folkedanslaget

Leiar	Marit Kvamen
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Helge Svartveit
Medlem	Sverre Sundvor
Medlem	Ingeborg Nilsen

Ungdomsgruppa**Ungdomsgruppa er lagt til lagsstyret.**

Leiar	
Medlem	Emma Lirhus Miro
Medlem	

463

Barnelaget

Leiar	Lise Bjørnen
Medlem	Yvonne Dahl
Medlem	Jorunn Espetvedt

Koret

Leiar	Knut Arne Vedaa
Medlem	Julian Merlin Ertel
Medlem	Oda Strøm Oksholm
Vara	Selinn Sannes
Vara	Dag Inge Bøe

Jr.laget

Leiar	Mikko Mikkonen
Medlem	Marianne Rønnestad
Medlem	Vivian Holmefjord

Audhilds

Leiar	Johanne Mjøs
Medlem	Marion Nordvik
Medlem	Haldis Marie Samland

Hyttenemnda

Leiar	Martin Nessen
Medlem	Hans Nyeggen
Medlem	Stig Vaular

Ettersyn

	Torbjørn Haukås
	Steinulf Tungesvik
Vara	Halvor Røyset

Valnemnda

Leiar	Borghild Opdal
Medlem	Solbjørg Eik
Medlem	Hans Nyeggen
Medlem	Torbjørn Haukås
Medlem	Frode Myhra

464

465

18. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
06.01	Juletefest	Gimle. Juletregang, dans og leik. Julenisse.	Barnelaget
24.01	Dans- og spelmaraton	6 spelmannslag og grupper spelte til dans.	Folkedanslaget
07-08.02	Øvingshelg	Gimle	Koret
07-09.02	Hyttetur	Medlemene i Jr. laget samt nokre føresette reiste på hyttetur til	Juniorspelmannslaget

		Varegghytta / Kvamskogen. Nesten 30 deltakarar.	
12-13.02	Hyttetur	Eidsholmen. Omlag 25 deltakarar frå barnelaget. Kurs i dans, spel og song. Instruktørar / spelmenn var: Lars Småberg, Silja Solvang, Johanne Mjøs og Inga Myhr.	Barnelaget
Veke 5-8	Sfo-kurs, folkedans	Folkedanskurs på Christi Krybbe sfo ein time pr veke. Inga Myhr var instruktør	Lagsstyret
18.02	Årsmøte	Årsmøte i BulE, Gimle	Lagsstyret
21.04	Hyttedugnad		Hyttenevnda
29.04	Hyttedugnad		Hyttedugnad
04.05	Rebusløp	Digitalt	Eiga nemnd
17.05	Digital 17.-mai feiring	Helsingar frå meldemar og grupper i laget, 17. mai-nemnda hadde leikar, is, skjortestryking mm	Lagsstyret
08. 06	Sommarfest	Natursti, dans og grilling i Nygårdsparken	Barnelaget
15.06	Minikonsert og sommaravslutting	Sentrum og parken	Koret
25-26-06	Sommarkurs for barn og unge	Gimle. Kurs i dans, spel og kveding. Alle laga si eiga sommarkurs t-skjorte. 30 påmelde. Lærarar: Inga Myhr, Borghild Opdahl, Maria Toppe, Johanne Mjøs og Marit Kvamen	Eiga nemnd / Lagsstyret
17.10	Sjokoladekappleik	Gimle	Juniorspelmannslaget
18.10	Kinokveld	Barnelaget var delt i to kohortar. Dei yngste	Barnelaget

		såg «Dyrene i Hakkebakkeskogen» medan dei eldste såg «Eventyr i Arktis» servering av pizza, saft og popcorn.	
30.11	Strømmr-konsert	Gimle	Juniorspelmanslaget
07.12	Digitalt-julelagsmøte	Om lag 55 deltakarar. «Åresal», trekking av medlemslotteriet og underhaldning frå ulike grupper i laget.	Lagsstyret

466

467 **19. Utsendingar, representasjon og samarbeid**

468 **Kven Veit?**

469 I 2020 var Bergen ungdomslag Ervingen med i spørjetevlinga Kven Veit?, og fekk 6.

470 plass.

Dato	Tilskipping	Omtale	Kven
07.03	Hordakappleik og sjokoladekappleik	Strandebarm	Barnelaget, Juniorspelmanslaget, feleaspirantar, einskildmedlemar
17.05	17- mai prosesjon	Koengen. Utvalde lag og organisasjonar var invitert til å delta med 5-10 deltakarar i prosesjonen. Direktesend på TV.	Folkedanslaget, Audhilds, UR
27.06	Strømmekappleik	Nesbyen	Einskildmedlemar
26.09	Landsmøte i Noregs Ungdomslag	Digitalt	Borghild Opdahl, Einar Moberg og Inga Myhr
06-08.10	Juniorsamling	Haus. Kurs i hardingfelespel for barn og unge	Juniorspelmanslaget
Haut 2020	Folkedanskurs for 5-7 klasse	Kurset var for elevar på Christi Krybbe skoler	Magni Rosvold, Ingrid Sørheim og Johanne Mjøs
Haut 2020	Danseverkstad, den kulturelle skulesekken	Stord, to verker turne	Inga Myhr, Lars Smaaberg og Johanne Mjøs
06.12	Minikonsert på julemarknad	Amatørkulturrådet i Bergen skipa til julemarknad på Munkebryggen.	Koret

471

472